

---

Saksnr: 2021/26081-1  
Saksbehandlar: Wenche Irene Sætrevik  
Jensen

---

**Saksgang**

| Utval                 | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|-----------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for næring |             | 08.09.2021 |

**Heilskapleg entreprenørskapsstøtte**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring tek status for arbeidet med prosjektet «Heilskapleg støtte til entreprenørar» til orientering.
2. Hovedutval næring gjev avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling fullmakt til å gjennomføre prosjektet innafor avsett budsjettamme.

**Samandrag**

Heilskapleg entreprenørskapsstøtte er eit av tiltaka i handlingsprogrammet 2021. Prosjektet har som føremål å samordne tilbod frå verkemiddelapparatet for å gjere det enklare for ein som ynskjer å starte opp verksemd å finne fram til riktig rådgjeving og kven som har kompetanse til å hjelpe og kva støtteordningar som eventuelt finnest til prosjektet. I tråd med regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal prosjektet bidra til berekraftig verdiskaping, næringsutvikling og fleire lønsame bedrifter til Vestland.

For innbyggjarane skal det gjennom dette arbeidet verte enklare å starta ei bedrift eller ta initiativ til ein ide for marknaden. For kommunane si fyrstelinjeteneste skal denne løysinga gjere det lettare å vise gründerar og entreprenørar vidare for hjelp og utvikling. For næringslivet vil det opne for moglegheiter til å knytte til seg nye idear, kompetanse og arbeidskraft. Ønska gevinstar er auka og betre samhandling mellom verkemiddelaktørane, betre kvalitet, og betre ressursbruk.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Rapportforslag til helhetlig entreprenørskapsstøtteprogram for VLFK des.2019
- 2 Heilskapleg støtte til entreprenørar august 2021
- 3 Områdegjennomgang av det næringsrettede verkemiddelapparatet Deloitte 2019

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I Vestland har vi ei rekkje sterke kompetansemiljø for entreprenørskap, men dagens tilbod om rådgjeving og støtte til entreprenørar og gründerar er komplekst og uoversiktleg. Ved samanslåinga til nye Vestland fylkeskommune vart det difor gjennomført eit 3 månaders utgreiingsprosjekt med mål om å forbetre og effektivisere støtta til entreprenørar i fylket.

Funn frå utgreiingsprosjektet peikar på utfordringane med å navigere og få oversikt over tilbod i innovasjonsøkosystemet og vi har eit klart mål om å utvikle ei digital løysing som gjer dette enklare. Etter at rapporten vart levert har det gått noko tid. I samband med prosjektet som no er oppretta er ein komen til at ein ynskjer ei noko meir open og stegvis tilnærming til oppgåva enn det rapporten tilseier. Vi planlegg difor å bruke ein innovativ og tverrfagleg metodikk som ender opp i eit mindre konsept som er klart for utvikling og testing før ein går for ei bestemt løysing.

Vestlandsscenarioa er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget, og Grøn region Vestland vil gje ytterlegare verdifull kunnskap om utfordringar og moglegheiter i Vestland. Prosjektet vil byggje på innsikt og funn frå dette arbeidet.

### Mål for arbeidet

I dag er det svært mange aktørar som tilbyr rettleiing og kurs til entreprenørar og det er vanskeleg å finne fram både for entreprenørar og for rettleiarar i økossystemet. Med entreprenørar meiner vi her både dei som skal starte opp eigen bedrift og dei som allereie har eigen bedrift, men treng hjelp for å utvikle seg vidare, fortrinnsvis SMB.

Kommunane har ei viktig rolle som fyrste kontaktpunkt for entreprenørar og dei vel å løyse sine oppgåver på ulike måtar. Nokre kommunar tilbyr eigen førstelinjetjeneste med rådgjeving til dei som ynskjer å etablere ny verksemd, medan andre har sett dette ut til næringsutviklingsselskap i sin region. Vi har og Etablerersenteret som er eit samarbeid mellom fleire kommunar om å gje etablererstøtte, kurs og veiledning.

Høg kvalitet og kunnskap i førstelinjetenesten er eit viktig ledd i å tilby entreprenørar kvalifisert hjelp og god rettleiing vidare i verkemiddelapparatet. På kommunesamlinga i oktober 2021 vil prosjektet Heilskapleg støtte til entreprenørar vil bli presentert og kommunane invitert til å bidra i prosjektet framover. Viktige spørsmål er kva rolle kommunane skal ha, korleis ein kan koordinere lokale kontaktpunkt med regionale kurstilbud og kva som skal til for at kommunane kan gje målgruppa hjelp med høg kvalitet i heile fylket. Innspela vil bli førande for vidare arbeid.

### Konseptbeskriving

Prosjektet er delt i to fasar, med fyrste fase frå juni til oktober 2021. Denne fasen har vore utlyst som konkurranse og IT-konsulentselskapet Knowit er vald som leverandør. Fyrste fase er i gang og leveransen vil vere innsikt, design sprint og ei testa digital prototype.

Designsprint er ein metodikk som er adoptert frå GV, tidlegare Google Ventures. Dette er ein metode som har vorte mykje brukt i offentlege innovasjonsprosessar dei siste åra. Grunnlaget for metoden er å starte med ei brei innsikt i no-situasjon, kontekst, reelle utfordringar og behov hos primær- og sekundærbrukarar. Neste steg er å avgrense og definere målet og bruke innsikt til å konkretisere problemstillinga.

I innsiktsfasen brukar vi tverrfaglege grupper for å sikre eigarskap og treffe behova hjå brukarane. Etter å ha opparbeida god innsikt, avgrensa omfanget og definert hypotesar byrjar vi med å sjå nærare på løysingar og å utvikle idéar. Når vi har utvikla idéane fylgjer ein fase med utvikling av pilot og prototype. Vi gjer fortløpande testar på løysingsforslag og idéar og ser dette i ljøs av mål og visjonar. Siste steg i denne delen er ei testa, spissa og klikkbar prototype, i tillegg til strategisk rådgjevnad vedkomande bruk av ressursar og tilrådingar for vidare arbeid. Pris på denne fasen er estimert til om lag kr. 500.000,-.

Fase 2. vil bli lyst ut som ein eigen konkurranse. Her vil det vere utvikling i fleire fasar. Viktige føringar her er saumlaus og brukarvenleg digital funksjonalitet samt å sikre at løysinga blir enkel å vedlikehalde.

## **Medverknad og involvering av samarbeidspartnarar og økosystemet**

Involvering av målgruppene entreprenørar og sentrale aktørar frå verkemiddelapparatet er særst viktig for prosjektet. Det er aktørane i dette store økosystemet som veit kor skoen trykkar og kva behov den einiskilde har.

Kommunane har ei særskilt viktig rolle i kontakt med entreprenørar. Vi samarbeider tett med KS, fyrstelinetenesta i kommunane og med næringshagar for å sikre erfaringsoverføring og gode idear frå regionane. Til dømes er prosjektet på agendaen for kommunesamling 2021. I forkant av dette vil vi invitere eit utval kommunar til å gje innspel til prosjektet. Under samlinga vil så prosjektet med problemstillingar verte presentert og det vil og bli opna for dialog.

Prosjektleiari har hatt mange ein-til-ein møte med næringshagar og rådgjevarar i førstelinjetenesta i fylket. Prosjektet har og vorte presentert i ulike nettverk og er godt forankra i blant anna Inunet, (nettverk for næringshagar og inkubatorar i Vestland, Innovasjon Norge), Innovasjonsuken OPP, i fylkesnettverk for entreprenørskap og med næringshagar. Det er planlagd dialogmøte med blant anna «Vekst i lag», et samarbeid mellom Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane, Stryn næringshage og Nordfjordeid Næringshage og vi har hatt samtaler med både Hardanger næringshage, Region Nordhordland IKS og Atheno i sør. Det vil arrangert fleire dialogmøte og workshop med deltakarar frå miljøet i løpet av hausten. Å kople på digital kompetanse for å sikra erfaringsoverføring er og ein viktig del av prosjektet. Vi har oppretta kontakt med digital forretningsutvikling i Innovasjon Norge og avdeling for forretningsutvikling og Brønnøysundregistrene.

## **Viktige referanseprosjekt: Kartlegging av innovasjonsstruktur og "En vei inn"**

Siva har eit pågåande arbeid med å kartleggje innovasjonsstrukturen og evaluere denne i alle landets fylke. Vestland er ein av tre pilotar i dette prosjektet. Prosjektet skal identifisere sentrale styrker og svakheiter ved innovasjonsstrukturane og skal ferdigstillast oktober 2021. Denne kartlegginga vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for vårt prosjekt.

Innovasjon Norge starta i mai 2021 eit nasjonalt prosjekt på oppdrag frå Nærings- og Fiskeridepartementet kalla «En vei inn». Føremålet med "En vei inn" er å svare ut tilbakemeldingane om at verkemiddelapparatet er vanskeleg å navigere i for dei bedriftene som nyttar tilbodet, og for dei som ennå ikkje er brukarar. Vi har starta eit samarbeid for å sikra at desse to løysingane byggjer på kvarandre og unngår parallelle system. Vi har fått med oss ein ressurs frå Innovasjon Norge i kjernegruppa vår for å sikre god samordning mellom prosjekta.

## **Vedtakskompetanse**

I følgje «Reglement for folkevalde organ og delegering» for Vestland fylkeskommune har hovudutval for næring, med heimel i kommunelova § 5-7, arbeidsområde næringsutvikling, arbeidsplassar og sysselsetting.

## **Vurderingar og verknader**

I arbeid med Heilskapleg støtte til entreprenørar er vi spesielt opptekne av samordning og effektivisering av det regionale verkemiddelapparatet og målretta bruk av fylkeskommunale ressursar til innovasjon og næringsutvikling. I forprosjektet deltok eit bredt utval av representantar frå økosystemet. Vidare samarbeid er ein føresetnad for ein treffsikker og framtidretta løysing.

### **Økonomi:**

Kostnad for framarbeiding av prosjektet i 2021 blir dekkja innanfor avdeling for innovasjon og næringsutvikling si budsjettamme., samt tilsegn frå Porteføljestyret i Vestland på kr 500.000,-

Administrasjonen kjem attende med sak om vidare finansiering.

### **Klima:**

Grøn konkurransekraft er ein viktig del av arbeidet for Heilskapleg støtte til entreprenørar.

### **Folkehelse:**

Prosjektet vil kunne bidra til fleire arbeidsplassar, og sysselsetting er ein viktig del av folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ei av hovudmålsettingane i Utviklingsplan for Vestland (2020-2024) er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Heilskapleg støtte til entreprenørar har som mål å styrke tilvekst av nye idear og oppstart av nye bedrifter, spesielt i retning av berekraftige formål. Entreprenørskap er tett knytt saman med innovasjon, og innovasjon er grunnlaget for grøn næringsutvikling. Føremålet med Heilskapleg støtte til entreprenørar er difor tett knytt saman med VLFK sine mest sentrale målsettingar.

### **Konklusjon**

Prosjektet Heilskapleg støtte til entreprenørar byggjer på eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, næringshagar, inkubatorar og relevante aktørar i verkemiddelapparatet i Norge. Gjennom å samordne tilbod frå verkemiddelapparatet vil vi gjerne det lettare for entreprenørar, anten dei der i idefasen, etableringsfasen eller utviklingsfasen, å få riktig rådgjeving uansett kor ein høyrer til geografisk. Løysinga skal bidra til at ein kan trekke vekslar på spisskompetanse og på tvers av kommunar og regionar, slik at entreprenørane får tilgang til den beste kompetansen innanfor sitt felt som finns i fylket. Prosjektet vil i perioden 2021 - 2023 arbeide for å styrke samhandlinga og sikre eit heilskapleg tilbod for entreprenørar i regionen.